

SÆRSKILD SÅRBARE ELEVAR



SKULEN SITT ANSVAR

Korleis me vaksne tolkar, forstår eller eventuelt feiltolkar, overser eller bortforklar elevars åtferdsuttrykk, har betydning for skulen sitt pedagogiske praksis og skolemiljøtiltak. Det varier korleis barn og unge møter miljømessige og relasjonelle utfordringar. Difor er det viktig at skulen er fleksibel og viser skjønn i tilpassingane til dei enkelte elevane.

- Skulen har eit skjerpa ansvar for å ivareta elevar med ein særskild sårbarheit.
- Desse elevane er i risiko for å bli utsett for mobbing og andre krenkelsar.
- Eleven sitt sårbarheit får konsekvensar for kva som er eigna tiltak.
- Eit godt læringsmiljø beskyttar mot auke av sårbarheit.

HALDNINGAR

Dei vaksne sine haldningar er viktige i skulen sitt arbeid med elevar med særskild sårbarheit.

Korleis me i skulen forstår og tolkar sårbarheit, avgjer korleis me handlar og kva me seier, eller ikkje seier. Var oppmerksam på at vaksne som bagatelliserer eleven sine opplevingar, kan opplevast som krenkande av elevar med særskild sårbarheit.

Eksempel på bagatellisering kan vere å seie eller tenkje ting som «han/ho må berre ta seg litt saman».

KUNNSKAP

Skulen MÅ kjenne til ulike faktorar som kan auke sårbarheitene hos barn og unge. Dei faktorane kan ein ofte dele opp i sårbarheitsfaktorar knytt til:

Det individuelle (sjukdom – diagnose – temperament - språkvanskar mm.)

Familie (omsorgssvikt - psykisk sjukdom – samlivsbrot – rus - høgt konfliktnivå mm.)

Jamaldrande (mobbing - utfordring i å etablera og bli i stabile vennrelasjonar mm.)

Miljø (fattigdom – kriminalitet - mangel på sosialt nettverk mm.)

Sårbarheitsfaktorane blir forsterka viss eleven ikkje har det trygt og godt på skulen.

Motsett vil eit godt læringsmiljø beskytte mot auke av sårbarheit.

Elevar med særskild sårbarheit er også sårbare på nett og har større risiko for å føle seg plaga av negative digitale hendingar.

KJENNETEIKN PÅ SÅRBARHEIT

Sårbarheit kan vere knytt til for eksempel eleven sin religion, seksuelle orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åtferdsvanskar eller sosio-emosjonelle vanskar eller forhold ved eleven sinn familie og heimesituasjon. At ein elev tidlegare har vore utsett for krenkingar, kan også gjere ein elev særskild sårbar.

Nokre elevar kan vere utagerande, mens andre elever lukkar fortviling, utryggleik og sårbarheit inne i seg og blir stille.

Andre igjen kan vise ulike uttrykk i forskjellige situasjonar. Dei kan ha både innagerande og utagerande uttrykk ut ifrå kva for ein kontekst dei er i, og kva for nokre menneske dei er saman med.

Nokre elevar kan sjå ut som om dei har det helt fint. Desse elevane er gode til å tilpasse seg andre sine forventningar slik at ingen merker noko ved første augekast.

TILTAK I SKULEN

Tryggleik (for eleven ein forutsetning med tryggleik for å ta inn læring til seg, tilarbeide og anvende kunnskap. Sårbarheit heng saman med utryggleik)

Samtaler (alltid den vaksne sitt ansvar å utvikle positiv relasjon. Vaksne må ha høg medvit/vere sensitive i arbeidet med relasjonsbygging til alle elevar og i særleg grad til elevar med særskild sårbarheit)

Klasseleiing (tydeleg og varm klasseleiing førebygg krenkingar/utryggheit. I forhold til ekstra sårbare elevar er det særleg viktig at dei vaksne i same klasse samsnakkast for å gi føreseieleg/tryggheit)

Verdiar (ha fokus på inkludering og rausheit, dette skaper ofte VI-klassar)

Meistring (meistringsopplevelingar er viktig for god psykisk helse. Viktig at skulen saman med eleven finner ut av kva for nokre fag, situasjonar og relasjonar som kan fremme meistring, og legger til rette for dette)

Sosial kompetanse (skulen skal bidra til at elevane utviklar sosiale ferdigheter som samarbeid, sjølvkontroll, ansvar, positiv sjølvhevding og empati for andre. Sosial kompetanse kan lærast og må sjåast i samanheng med den faglege kompetansen)

Elevgruppetiltak (elever med særskild sårbarheit kan ha nytte av å tryggast i mindre grupper. Kan vere periodiske elevgruppetiltak kor ein jobbar med for eksempel sjølvtillit og eigne grenser, mobbing, vennskap, korleis ein kan møte gruppepress ol.)

Foreldreinvolvering (skulen møter eit mangfold av foreldre. Foreldre som gir alt, foreldre som strevar og foreldre som sjølv er sårbare. Det er uansett viktig at skulen legg til rette for å få til eit godt samarbeid med foreldra. Skulen er alltid den profesjonelle parten, og må ikkje grunne manglande framgang med individuelle faktorar ved barnet eller foreldrene)

PRAKSIS PÅ GRINDE SKULE

1. Korleis sikrar me at me fangar opp desse elevane pr. i dag? (i timer, i pausar, før/etter skuletid ol.)
2. Kva for eit ansvar tar ein som timelærar, kontaktlærar, sosialrådgivar, fagarbeidar/miljøaarbeidar, leiing mfl.?

REFLEKSJONSSPØRSMÅL

1. Kva er særskild sårbarheit?
2. Korleis kan me fange opp elevar med særskild sårbarheit?
3. Korleis kan me i skulen redusere sårbarheitsfaktorar?
4. Korleis kan me styrke beskyttelsesfaktorar?
5. Korleis kan me gi elevane meistringsopplevelingar?
6. Korleis kan me bidra til å bygge motstandskraft mot negative digitale hendingar?